



HORDALAND JORDSKIFTERETT

Organisasjonsnummer 926726889

Tinglysingsutdrag

Sak: 22-067180RFA-JHOD/JBER SKJELANGER
Gnr.: 355
Kommune: Alver
Saka gjeld: Grensefastsetjing for grunneigedom

Starta ved jordskifteretten: 11.11.2022

Slutta ved jordskifteretten: 11.11.2022

Dette er eit tinglysingsutdrag som inneheld alle opplysningar av varig verdi og som skal tinglysast, jf. jordskiftelova § 6-31.

JORDSKIFTEAVGJERD

Dato: 11.11.2022
Stad: Jordskifterettens lokaler på Voss
Sak: 22-067180RFA-JHOD/JBER SKJELANGER
Saka gjeld: Grensefastsetjing for grunneigedom
Rettsleiar: Jordskiftedommar Thorbjørn Svane

Partar	Prosessfullmektigar	Kommune	Gnr.	Bnr.
Arild Wergeland		Alver (4631)	355	11
Svalbu AS		Alver (4631)	355	14

Denne jordskifteavgjerda gjeld sakleg og geografisk avgrensing av saka, skildring av grensene som er avklara og sakskostnader til jordskifteretten, jf. jordskiftelova § 6-23 fjerde ledd bokstavane a, c og g. Rettsforlik datert 18.10.2022 jf. dok. 20 vedlegg 1, er lagt til grunn for avgjerda.

Fastsetting av sakleg og geografisk avgrensing, jf. jordskiftelova § 6-9.

Retten avsa slik

JORDSKIFTEAVGJERD

Avgjerda gjeld sakleg og geografisk avgrensing av saka. Heimel for avgjerda er jskl. § 6-9, jf. § 6-23 fjerde ledd bokstav a. Jordskifteretten skal gjera ei sakleg og geografisk avgrensing av saka i samsvar med kravet som er reist. Partane er samde om den saklege og geografiske avgrensinga av saka. Denne saka vert avgrensa i samsvar med rettsforliket og jordskifteretten har på det grunnlaget fatta jordskifteavgjerd med slik

slutning

Jordskiftesaka vert avgrensa i samsvar med rettsforlik datert 18.10.2022, jf. dok. 20 vedlegg 1.

Den 18.10.2022 vart det gjennomført rettsmeklingsmøte i Formannskapssalen (kommunehuset på Frekhaug) Alver kommune. Partane inngjekk slikt:

RETTSFORLIK i sak 22-067180RFA-JHOD/JBER

Mellom:



Partar	Gnr.	Bnr.
Arild Wergeland	355	11
Svalbu AS	355	14

Eiendommene ligger i Alver kommune


I dag er det inngått slikt rettsforlik

1. Partene er enige om at grensen skal gå slik som vist med raud strek på vedlagde forlikskart i målestokk 1 : 1000 datert 18.10.2022.
2. I område vist på vedlagde kart som Molo skal bnr. 14 ha bruksrett og rett til å anlegge molo. Kostnad med dette ligg til bnr 14.
3. Naustbygningane på bnr 14 sin grunn er denne sin eiendom.
4. Bnr. 11 har ikke lenger rett til opplagsplass på bnr 14 sin eiendom.
5. Partene kjenner virkningen av et rettsforlik, under dette at rettsforlik har samme virkning som en rettskraftig dom og ikke kan ankes.
6. Grensen vil bli merket med jordskifterettens grensemerker, og deretter koordinatfestet og kartlagt.
7. Resultatet blir tinglyst og matrikkelført som del av saken for jordskifteretten
8. Partene er innforstått med at det kan komme mindre endringer ved endelig innmåling
9. Det er enighet mellom partene om å dele jordskifterettens sakskostnader med en lik del på hver.
10. Partene bærer hver sine kostnader til juridisk bistand.
11. Partene frasier seg forkynning i resten av saken.
12. Partene er enige om at jordskiftedommeren kan avslutte saka som enedommer uten at partene er tilstede

Alver 18.10.2022

Partar	Gnr.	Bnr.	Underskrift
Arild Wergeland	355	11	
Svalbu AS	355	14	


Sigbjørn Aauge, Rettsmekler



Jordskifteavgjerd om merking og måling, jf. jordskiftelova § 6-23 fjerde ledd bokstav c.

Retten avsa slik

Jordskifteavgjerd

Retten tok jordskifteavgjerd i samsvar med reglane i jordskiftelova § 6-23 fjerde ledd bokstav c, for eigedomsgrense nr. 1.

Eigedomsgrense nr. 1 er merka og målt i samsvar med rettsforlik datert 18.10.2022, jf. dok. 20 vedlegg 1, slik som vist på grensekart i målestokk 1:1000 datert 11.11.2022, jf. dok. 22.

Retten har kome til slik

slutning:

Eigedomsgrense nr. 1 vert merka og målt i samsvar med ovannemnde rettsforlik slik det går fram av punkt 1.1.

På bakgrunn av ovannemnde avgjerd samt merking og innmåling av grenser under leing av overingeniør Sigbjørn Hauge er det utarbeidd slik utgreiing for:

1.1 Grenseforklaring og målegrunnlag

Grensemerka er boltar/røyr av aluminium med hovud, som har påskrifta "OFF. GODKJ. GRENSEMERKE JF. JSL. LEVR. NR." og "JORDSKIFTEDOMSTOLEN".

Grensepunktene er satellittmålt i koordinatsystem: Euref 89, sone 32.

Merket grensepunkt er i samsvar med standard for stadfesting av matrikkelenhets- og råderettsgrenser. Oppgitte koordinater (x, y) er i meter.

Koordinatane har ei nøyaktigheit tilsvarande områdetype 1, det vil seie forventa presisjon betre enn 0,1 meter.

Dei oppgjevne avstandane er horisontalmål. Retningane er i høve til kart nord med sirkelen delt i 400 gon. Dette gjev nord = 0^g, aust = 100^g, sør = 200^g og vest = 300^g. Om ikkje anna er presisert, går grensene i rette linjer mellom grensepunkta.

Berre dei grensene som er skildra i denne grenseskildringa blir fastsette med rettsleg bindande verknad i denne saka. Andre grenser som er lagt inn på kartet, er teke ut frå matrikkelkartet, og er ikkje behandla av jordskifteretten.

Venstre og høgre i grenseskildringa nedanfor, er i forhold til retninga grensa har frå startpunkt til endepunkt.

Grensene går fram på grensekart 22-067180RFA, i målestokk 1:1000, datert 11.11.2022, jf. dok. 22.

Grense 1

Eigedom til venstre: Gnr. 355 bnr. 14

Eigedom til høgre: Gnr. 355 bnr. 11

Punktnr	Skildring	Retning	Avstand	X-koordinat	Y-koordinat
	Grensa tek til i sjø, i yttergrense for privat eigedomsrett, og går i samsvar med vassdragslova sine reglar til				
101	Off. godkj. grensemerke i fjell			6724647,65	279259,22
		46,62	39,62		
102	Off. godkj. grensemerke i stein			6724677,11	279285,71
		45,75	43,20		
103	Off. godkj. grensemerke i stein			6724709,62	279314,15
		357,66	36,83		

104	Off. godkj. grensemerke i fjell	6724738,60	279291,42
	354,08 35,60		
105	Off. godkj. grensemerke i stein	6724765,34	279267,91
	360,38 22,22		
106	Off. godkj. grensemerke i fjell	6724783,40	279254,95
	284,09 33,69		
107	Umerka grensepunkt	6724775,07	279222,31
	253,67 37,63		
108	Off. godkj. grensemerke i fjell	6724750,04	279194,21
	Vidare går grensa i sjø i samsvar med vassdragslova sine reglar, til yttergrense for privat eigedomsrett.		

Jordskifteavgjerd om sakskostnadar, jf. jordskiftelova § 6-23 fjerde ledd bokstav g.

Rettsmiddel

Jordskifteretten si avgjerd kan ankast etter reglane i jordskiftelova kapittel 8. Ankefristen er ein -1- månad rekna frå forkynningsdatoen.

Tinglysing og matrikkelføring

Når saka er rettskraftig, vil utdrag av saka bli tinglyst på følgjande eigedomar:

Kommune	Gnr.	Bnr.
Alver (4631)	355	11
Alver (4631)	355	14

Fastlagde grenser blir rapporterte til matrikkelførar (kommunen).

Sak 22-067180RFA-JHOD/JBER SKJELANGER er med dette avslutta.

11.11.2022

Thorbjørn Svane
jordskiftedommar

Rett utdrag



Anne Marit Vinje
saksbehandlar

